

# Kan verta stengd

NAF Kro og Camping AS er for tida til sals. Samstundes vurderer Kvam brannvern å stengja verksemda fordi fleire avvik som vart avdekte under eit tilsyn i 2006, ikkje er utbetra.

Avvika inneber fare for brann og det brannvernet kallar ein uakseptabel personrisiko. Bakgrunnen er følgjande:

- Brann i ei campingvogn kan få følgjer for fleire fordi vognene står nærare kvarandre enn tilrådd.

- Ein frityrbrann kan raskt smitta til resten av bygningen gjennom kanalen over gryta.

- Avvik på det elektriske anlegget kan starta brann når som helst på døgeret uavhengig av bruk og aktivitet. Det kan få store følgjer fordi ein til dømes utanom opningstida kjem seinare i gang med sløkkjearbeid.

- Manglande opplæring og øvingar medfører manglande kunnskap hjå tilsette om korleis ein skal opptre ved brann. Det får følgjer for persontryggleiken og verdisikringa.

Verksemda vert pålagd å gjennomføra ein risikoanalyse med handlingsplan, laga retningsliner for campingplassen, følgja opp ein brannteknisk rapport frå Firesafe og dokumentera oppfølging av avvik før 31. november. NAF Kro og Camping kan uttala seg om den eventuelle stenginga før 12. oktober.